



NETTVERK MARIN FORSØPLING MØRE OG ROMSDAL

Årsrapport 2022

 **RundeMiljøsenters**

 **Friluftsrådet**
Nordmøre og Romsdal
Sunnmøre friluftsråd

Runde Miljøsenters v. Ovidie Mari Lyng, Sunnmøre
Friluftsråd v. Malin Therese Fiksdal, Friluftsrådet
Nordmøre og Romsdal v. Patrick Gule og Gjøril
Skare Berg

 **Handelens
Miljøfond**



Innhald

Bakgrunn	3
Status 2022	3
Aktivitetar i nettverket i 2022.....	3
Nettverksmedlemma sin aktivitet i 2022	7
Vidare arbeid i nettverket.....	12

Bakgrunn

Nettverk Marin Forsøpling Sunnmøre, no Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal (MFMR), blei oppretta i februar 2019 med formål om å skape ein møteplass for frivillige strandryddarar, og har sida då hatt ein jamn vekst (sjå nettverksfilmen vår [her](#)). Her delar ryddarane erfaring og informasjon med kvarandre samt knytast saman med næringsliv, den offentlege forvaltninga og forskning. Runde Miljøsentar, Sunnmøre Friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal driftar og koordinerer nettverket i lag.

Status 2022

2022 har vore enno eit flott år for nettverket der vi endeleg nesten har gått tilbake til normalen etter pandemien.

I slutten av 2021 eller starten av 2022 har alle ryddeaktørar i region Møre og Romsdal, i Handelens Miljøfond sitt nasjonale ryddeprogram Rydd Norge, starta opp med ryddinga. Alle ryddeaktørane, og underleverandørar, i Møre og Romsdal har vore medlem i MFMR lengre enn programmet. Det er vårt klare inntrykk at det gode samarbeid og store tilliten mellom aktørane i nettverket har bidratt vesentleg til den gode stemninga mellom frivilligheita og dei profesjonelle aktørane i fylket. I tillegg blir nettverksgruppa flittig brukt til kommunikasjon og kontakt mellom ulike rydderegionar i fylket.

Til no i 2022 har nettverket fått 45 nye medlemmar, altså er vi no totalt 267 medlemmar på Facebook. Medlemmane i nettverket er fordelt mellom bedrifter, kommersielle ryddeaktørar, forskingsinstitusjonar, utdanningsinstitusjonar, frivillighetssentralar, Hold Norge Rent, Senter mot marin forsøpling, offentleg forvaltning, reinhaldsverk, journalistar, frivillige organisasjonar og enkeltfrivillige.

Aktivitatar i nettverket i 2022

Nettverkskoordinatorane moderer ei aktiv Facebook-gruppe med rundt 250 delte innlegg i 2022. Facebookgruppa blir brukt flittig av koordinatorar og medlemmar til blant anna å dele kva dei driv på med, kva dei finn, HMS-tips, relevante nyhende og hendingar, frustrasjon, naturglede, etc.

Vi har og i år fått skikkeleg i gang Instagram- og LinkedIn-kontoane våre der vi kan spreie blant anna kva som skjer i Nettverket til eit breiare publikum, spesielt geografisk. På Instagram har vi no 242 følgjarar og på LinkedIn 92 stk. Eit eksempel på aktivitet vi har hatt på Instagram er Insta-takeover av nokon av medlemmar (Plastfritt Hav, Hustadvika Adventure, Vasco Pinhol, Plastpiratene) der delte kva dei dreiv med, i tillegg har vi delt kva vi gjorde på i etterkant av samlingane våre, og når det er viktige nasjonale rydde-dagar.

I 2022 har MFMR arrangert tre vellukka nettverkssamlingar i ganske ulikt format: Vårsamling, Holmehopping på Nordøyane og Haustsamling på Smøla.

Vårsamlinga gjekk føre seg på Vestnes, midt i fylket, 20.-21. mai. Dette blei ein lærerik dag med engasjerte medlem og varierende tema. Her var vi so heldige å få besøk av Carl Pedersen

frå Hold Norge Rent som fortalte litt om arbeidet dei gjer og om «Min bit av Norge»-ordninga. I tillegg fekk vi høyre frå nokon av medlemmane om sine erfaringar med ordninga. Eit anna tema på samlinga var HMS under strandrydding, medan hovudtemaet var rydding og fugl der Alv Ottar Folkestad fortalte meir om problemet med plast og om kordan man kan ta omsyn til ulike dyr når man er ute.



Gruppebilette frå Vårsamlinga på Vestnes.

Holmehoppinga, eller Sommarsamlinga, gjekk av stabelen 26.-28. august. Vi var so heldige og fekk god hjelp til planlegging og gjennomføring av eit av nettverksmedlemma og var stasjonert på familiegarden hans på Uksnøya nord for Ålesund. Helga gjekk med til historieforteljing, besøk til TAVAHA Fjørtofta (tilnærma eit strandryddemuseum laga av eit nettverksmedlem, inspirert av Tavahaløa i Hoddevika), strandrydding og sosialisering.



Bilette frå strandrydding på Holmehoppinga i slutten av august.

Tredje og siste samling for 2022 vart haustsamling på EcoCamp Norway på Smøla. Her fekk vi oppleve korleis strandrydding går føre seg i denne store øygarden, og korleis Plastjegerne sin base og sorteringsstasjon fungerer. Vi fekk og høyrte frå Pippip Ferner om kva ho og dei andre i Guerrilla Plastic Movement arbeidar med, og kva moglegheiter vi har for et framtidig samarbeid (sjå info om Plastarken lengre nede).



Bilete frå ryddinga under Haustsamlinga på Smøla.

MFMR var representerte på den lokale marknadsdagen Kvalsvikdagen som blei arrangert 13. August. Her var vi med på å lage til ein marin forsøplingsstand der folk kunne delta i ein marin forsøplings-quiz og høyre om problemet, løysingar, pågåande prosjekt, etc. Dette er første gang vi har deltatt på noko liknande, men alle var einige i at det vart ein suksess og er noko vi gjerne kan gjere igjen.

No under fugleinfluensapandemien såg vi ei anna potensiell nytte med nettverket av folk som driv og rotar rundt i fjøra. MFMR har både potensiale til å raskt få varsle folk om problem og korleis handtere det, og kan bli brukt til kartlegging av situasjonen om det skulle vere nyttig. Nettverksmedlemma var obs på at fugleinfluensa kunne bli eit problem, og alle bedt om å ta omsyn og varsle ved funn av død fugl, fleire månader før nyheitskanalane fekk auga opp for problemet.

Nettverket har i samarbeid med Runde Miljøsentert, Havlandet, Søre Sunnmøre Reinholdsværk og Fallgard diskutert og lagt ein plan for korleis man kan få skrudd på bedriftene i kampen mot marin forsøpling. Det vi til no har arbeida med er å prøve å få bedrifter til å delta på «Rydd med jobben»-dagen 14. september i Strandryddeveka. Vi har no fått laga til ei landingsside der, hovudsakleg, bedriftene som tilhøyrar Søre Sunnmøre Reinholdsværk sitt område (Herøy, Ulstein, Hareid, Sande kommune) kan finne informasjon om korleis gå fram for å arrangere ein aksjon, kor man kan finn meir info om strandrydding, kor man kan få tak i ryddeutstyr og kor man kan levere avfallet dei har plukka. I tillegg vil det bli brukt sosiale media aktivt siste tida fram mot dagen for å spreie ordet og blant anna lage ei vervingskampanje, og vi har vore i kontakt med lokalaviser. Inne på landingssida er det mogleg å melde på bedrifta si til ryddinga, der oversikta igjen kan brukast til å inspirere andre til å delta.

Nettverksmedlemma sin aktivitet i 2022

Det har blitt rapportert inn rydda 82 tonn søppel av frivillige i Møre og Romsdal i 2022 i følge ryddenorge.no. Truleg er ikkje alle aksjonseigarane medlem i MFMR, men det er eit bilete på den frivillige aktiviteten. Det er og viktig å nemne at vi veit det er mange av medlemmane våre som ryddar jamt og trutt men ikkje registrerer det dei plukkar i Rydde.

I tillegg til dette har Rydd Norge-programmet rydda over 360 tonn søppel i fylket i år. I tabellen under følgjer ei oversikt over noko av det nettverksmedlemma har drive med i 2022.

Medlem	Aktivitet	Utdjuping
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Stikk UT og plukk!	Ordning der ryddarane får betalt per sekk rydda. Har samla inn 9320 kg i 2022
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Strandrydding	I lag med Naturvernforbundet på Veøya.
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Strandryddedagen	Undervisningsopplegg og strandrydding for alle elevane ved Hustadvika VGS. Eiget opplegg for elvar ved «blå linjer».
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Strandryddedefestival	Med dei frivillige ryddarane på Smøla.
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Clean Sounds-pop up-konsert	Besøk av artisten Elg på strandrydding på Edøya i starten av juni (sjå filmen frå dagen her).
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Undervisningsopplegg	Starta arbeidet med å utvikle undervisningsopplegg for realfagslærarane i fylket. Dette arbeidet skal og nettverket involverast meir i framover.
Sunnmøre Friluftsråd	Ryddeaksjonar	Rydda i lag med mange skuleklasser. Tre av skulane avtalt å gjere liknande neste år igjen.
Sunnmøre Friluftsråd	Vårryddedagen i Fiksdal	Offentleg ryddeaksjon.
Sunnmøre Friluftsråd	Rydding med bedrifter	Dei har engasjert, og rydda, parallelt med bedrifter som Hofseth Aqua og Norsk Fjordsenter i Geirangerfjorden, Synnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden i sommar. Til no rydda nesten 90 km kystlinje.
Sunnmøre Friluftsråd	Rydding av naturreservat	Raudnesvika og Gjøsunndholmen.
Sunnmøre Friluftsråd	Ymse anna rydding	Rydda 13420 kg søppel gjennom prosjekt finansiert av Miljødirektoratet.

Runde Miljøsender/Opplev Runde	Vårryddedagen på Voldsund	Rundt 50 stk. møtte opp til ryddinga og det blei rydda over eit tonn søppel.
Runde Miljøsender	Blue Circular Economy sluttkonferanse	NTNU-prosjekt. Haldt fordrag om marin forsøpling og prosjekta dei deltek i som nettverket og Rydd Norge.
Runde Miljøsender	Testing av app	Ein app laga i PlastOPol-prosjektet som skal kunne registrere ulike kategoriar av plast (t.d. fiskeri og forbruker) ut i frå bilete av eit forsøpla område.
Runde Miljøsender	PlastOPol sluttkonferanse	NTNU-prosjekt. Haldt fordrag om marin forsøpling og prosjekta dei deltek i som nettverket og Rydd Norge.
Runde Miljøsender	Hjelp med masteroppgåve	Hjelppte student frå NTNU Trondheim med input om frivillig rydding til masteroppgåve om materiellstraumen for fiskeriplast.
Runde Miljøsender	Besøk frå NTNU Trondheim	Uttesting av ein USV (Unmanned Surface Vehicle) som samlar mikroplast frå havoverflata.
Runde Miljøsender	Før Fuglane Kjem-møte	Deltaking på møte i Bergen i regi av Hold Norge Rent.
Runde Miljøsender/Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Rent Hav-Workshop	Deltaking på workshop i regi av Marfo og Bergen Omland Friluftsråd.
Runde Miljøsender	Rydd med jobben	Skal delta på rydding med jobben i Strandryddeveka.
Runde Miljøsender/Opplev Runde	Trylleshow og søppelotteri på Strandryddedagen	Billett og lodd blei betalt med ein pose plukka søppel, for å heidre alle strandryddarar. Ca. 40 stk. møtte opp og det blei rydda 390 kg søppel.
Fleire nettverksmedlem	Mysteriet om sprengtråden	Ved årsskifte store mengder sprengtråd i Ålesund omegn. Bidratt med profilering av saka i ulike media, analysering av kor det truleg kunne ha kome frå, arbeid opp mot myndigheiter for å få den ansvarlege til å ta ansvar og opprydding av det som kom tilsigande.
Fleire nettverksmedlem	Besøk av In The Same Boat og Rune Gaasø frå Ogoori	Dei fekk blant anna vere med på strandrydding og faglege diskusjonar.

Randi Kjærstad Hagerup frå Plastpiratene	Nominert til Gullklypa 2022	Som i fjor blei eit av dei aktive medlemmane i MFMR i år nominert til denne gjeve prisen.
Plastpiratene	Ryddeaksjon	Plukka 1 tonn søppel på Lauka i lag med foreldreutvalet på Lepsøy skule.
Plastpiratene	Ryddeaksjon	Plukka fleire tonn søppel med Lepsøy idrettslag, i samarbeid med Sparebanken Møre.
Ina Giske	Vårryddedagen	I samarbeid med Rydd Møre og Besteforeldrenes klimaaksjon. Fylte ein container og deltok på nasjonal radio.
Ina Giske	Matfestivalen i Ålesund	Lesestund for barn i boka si om Sjøhesten Hippo.
Ina Giske	Jamn og trutt rydding	Rydding av lokalområdet med Sjøhesten Hippo.
Ina Giske	Lokal «fishing for litter»-ordning	Samarbeid med ein lokal sjarkefiskar der SubSea7 sponsa container ved småbåthamna på Valderhaugstranda. Containeren kan og bli brukt av turfolk som har plukka søppel.
Ina Giske	Bokprosjekt: Berekraftig bryllaup	Blant anna plukka, vaska og tørka pandemisøppel som skal bli brukt i prosjektet. I samarbeid med Judith Bech.
Ina Giske	Barnas strandryddedag	Skal ha med seg Sjøhesten Hippo på rydding på Blimsanden retta mot barn.
Ina Giske/Plastpiratene	Ålesundbiblioteka og plasten i havet	Sjøhesten Hippo sin bibliotekturne der dei besøkte 10 bibliotek i Ålesund-regionen. Der leste dei i boka Sjøhesten Hippo og plasten i havet og fortalte om plastproblematikken.
Rydd Møre	Ryddeaksjonar	6 offentlege aksjonar i år, blant anna Vårryddedagen i lag med Ina Giske.
Rydd Møre	Utviding av organisasjonen	Dei har fått eit nytt kontor i Kristiansund.
Rydd Møre	Ryddeligaen	Konkurransen i mai og juni, om og gjere å rydde mest marint avfall der det blei rydda 1,8 tonn av skuleelevar.
Rydd Møre	Radioinnslag	Radioinnslag på lokalradioen før

		deira siste ryddeaksjon for året i november.
Plastfritt Hav	Medlem i Hold Norge Rent sin valkomité.	
Plastfritt Hav	Besøk av Ola Elvestuen	Og generalsekretær Fredrik Carsten og pressesjef Thomas Tangen deltok på ryddeaksjon.
Plastfritt Hav	Ryddeaksjonar	Har arrangert 5 offentlege aksjonar.
Plastfritt Hav	Ryddeaksjonar	Arrangert 20 aksjonar med bedrifter og skuleklasser.
Plastfritt Hav	Kartlegging forsøpling i ferskvatn	Skal bidra i kartlegging av plast i Brusdalsvatnet i regi av Hold Norge Rent.
Plastfritt Hav	Spleis med plast	Som andre år, der man kan betale for billett til Sommarfesten på Giske med ein pose plukka søppel. I år i tillegg laga til ein stad man kunne bytte leiker man ikkje ville ha lenger med andre.
Plastfritt Hav/None Plastic Ocean	Strandrydding på Zanzibar	Søsterselskapet starta i slutten av 2020 driv vidare med rydding som bidreg til reinare strender og inntekt til lokale kvinner.
Plastfritt Hav	Strandryddedagen	Arrangerte rydding i Synesvågen Naturreservat.
Opplev Runde	Rydd med jobben	Deltok på rydding med jobben i Strandryddeveka.
Opplev Runde/Runde Miljøsender	Sjønær-festivalen	Arrangerer festival i samarbeid med Herøy dykkarklubb og Tango Seaweed. Ikkje direkteretta mot marin forsøpling, men fokus på å vise kor fantastisk havet er.
Sula Rotaryklubb	Strandryddeaksjon med Sula Ungdomsskule	Arrangert liknande aksjon fleire år på rad. Dei sponsar båtskyss, lunsj og ryddeutstyr slik alt som krevst frå skulen er oppmøte og litt arbeidsmotivasjon.
Therese Giskeødegard Osvik	Vårryddedagen i Olsvika	Ryddeaksjon der 70 personar frå lokalområdet deltok og det blei rydda 1800 kg søppel på tre timar.
Nina Renate Røyseth	Deltakar i det Europeiske	Eit prosjekt som ynskjer å fremme entreprenørskap hjå ungdom. No har

	samarbeidsprosjektet Smart Youth	ho kome vidare i konkurranse om å få hjelp til å setje ideen sin ut i liv. Ideen ho har med seg er å få offentlegheita og skular til å lage eit marin forureinings-fag.
Vasco Pinhol	Brosundet Langs	Dekorerte Brosundet med eit 70 meter langt bilete av livet under sjøoverflata.
Vasco Pinhol	Formidling	Fortset å bruke sine fotografiske kunnskarar til å formidle problemet, men aller mest for å få fleire til å bry seg om havet. «You only protect what you love and you only love what you know”.
Vasco Pinhol	Jamn og trutt rydding	Han er i/ved sjøen 4-5 ganger i veka og ryddar alltid når han finn noko.
Njord Freediver	Formidling	Bidreg til formidling av kor vakkert havet er og at man må ta vare på det, og frå plastforureining.
Familien Lyng	Jamn og trutt rydding	I nærområdet sitt i indre Herøy.
Martin Helseth	Ålesund kommune sin Miljøpris 2022	Vann miljøprisen i kommuna pga. sin store innsats med rydding under vatn.

Vidare arbeid i nettverket

For at kunne holde fram med nettverksarbeidet er vi avhengige av midlar og støtte. I 2023 vil vi vidareføre det gode arbeidet som er gjort i nettverket sidan oppstarten i 2019, samt det blir uttesting av nye metodar å påverke folk på. Vi vil fokusere på:

- Motivere ryddarane til vidare arbeid.
- Gi nettverket sine medlemmar ei røyst og anledning til å møtast gjennom seminar og møteplassar. Målet er å få til 3 større nettverkssamlingar i året og få til møteplassar i tilknytning til ryddeaksjonar og andre typar samlingar som skjer på tvers av fylket.
- Gjere nettverket større og sterkare ved å arrangere hybrid-ryddeaksjonar der både nettverksmedlemmane kan delta samt spreie aksjonen til frivillige som ikkje er medlem (enno). Dette trur vi er ein flott måte å få rekruttert nye, samtidig som medlemmane får sterkare band seg i mellom.
- Løfte kompetansen til dei frivillige både når det gjeld sjølve ryddinga og ikkje minst når det gjeld å registrere og dokumentere det dei finn i fjøra.
- Jobbe vidare med å samle den kunnskapen som finnast og blir skapt i nettverket, og la den bli offentleg tilgjengeleg slik at fleire skal kunne dra nytte av arbeidet vårt.
- Formidling med sikte på å gjere nettverket meir kjent i offentlegheita slik at det blir lettare for enda fleire ryddarar og næringsaktørar i området å finne nettverket og bli medlem dersom dei ynskjer det. Som ein del av dette arbeidet vil vi opprette offentlege sider på Facebook og få ferdigstilt nettsida vår.
- Byggje vidare på momentumet vi har skapt i arbeidet med å førebyggje forsøpling i frå næringslivet. Finne ut kva som kan få kvar enkelt bedrift til å gjer ein innsats i å førebyggje forsøpling og kanskje til og med fjerne søppel frå naturen. Førre punkt om å få offentlege sider tenkjer vi vil bistå i dette. Noko vi ønskjer å tilby bedrifter er råd og tips tilpassa sin situasjon og hjelp til arrangement av eigne bedriftsryddeaksjonar.
- Vidare samarbeid med forskingsinstitusjonar, spesielt NTNU Ålesund i ulike prosjekt relevante for marin forsøpling.